

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
Postboks 1870 Nordnes
5817 BERGEN

Dato	26.05.2023
Vår referanse	2023/57461-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Trond Olav Wahl
E-post	Trond.Olav.Wahl@vlfk.no
Telefon	40916223

Havforskningsinstituttet - Løyve til oppdrett av pukkellaks (*Oncorhynchus gorbuscha*) på lokalitet Matredal i Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommunen syner til søknad frå Havforskningsinstituttet datert 12.04.2023 og vedtak frå Fiskeridirektoratet 22.03.2023 om hald av alle stadium av pukkellaks på lokalitet 10156 Matredal i Masfjorden kommune.

Vedtak

Havforskningsinstituttet, org.nr. 971349077, med akvakulturløyve H-MF-28 får med dette løyve til å etablere akvakulturanlegg for oppdrett av tidlege og seinare livsstadium av pukkellaks (*Oncorhynchus gorbuscha*) på følgjande lokalitet i Masfjorden kommune.

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnavn	Kommune	MTB
10156	Matredal	Masfjorden	20 tonn

Akvakulturløyve gjeld for ei anleggsplassering som vist i vedlagte kart og som har følgjande koordinatfesta midtpunkt i grader og desimalminuttar (Kartdatum Euref 89/WGS84): N 60°52.452' Ø 5°35.183'.

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande løyve:

Havforskningsinstituttet: H-MF-1, H-MF-24, H-MF-28.

A

kvakulturløyve H-MF-1 og H-MF-24 gjeld oppdrett av settefisk av laks og aure.

Akvakulturløyve H-MF-28 gjeld oppdrett av matfisk av 20 artar.

Samla biomasse i drift for akvakulturløyva på lokalitet Matredal må aldri overstige 20 tonn.

For nærmare oversikt kva artar og produksjonsform dei einskilde akvakulturløyva er godkjent for, viser vi til akvakulturregisteret.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Vestland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1799 om tillatelse for akvakultur for andre artar enn laks, ørret og regnbueørret. Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdslova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

BAKGRUNN OG SAKSGANG

Om søknaden

Havforskningsinstituttet søkte 12.04.2023 om å få ein ny art, pukkelaks (*Oncorhynchus gorbuscha*) registrert på lokalitet 10156 Matredal i Masfjorden kommune.

Lokaliteten er i dag godkjent for produksjon av 22 ulike artar i fleire livsstadium med ein maksimalt samla biomasse på 20 tonn.

Søknaden omfattar alle livstadium med føremål om produksjon for eiga forskning. Det vert ikkje søkt om auke i lokalitetsbiomassen.

Akvakulturregelverket tillèt ikkje tildeling av løyve til artar som ikkje er naturleg heimehøyrande i området. For ville framande artar må det innhentast dispensasjon. Søknad om dispensasjon for oppdrett av framande artar er vurdert av Fiskeridirektoratet.

I vedtak av 22.04.2023 skriv Fiskeridirektoratet

«Fiskeridirektoratet gir Havforskningsinstituttet dispensasjon fra krav i forskrift om tillatelse til andre arter enn laks, ørret og regnbueørret § 4, første ledd andre punktum, og § 4 andre ledd, bokstav c. Dispensasjonen gjelder for hold av pukkelaks på lokalitet 10156 Matredal.

Det knyttes følgende vilkår til tillatelsen;

- Pukkellaksen skal holdes i anlegg hvor avløpsvannet kan behandles med klor eller andre godkjente desinfeksjonsmidler.
- Lokaliteten må ha et sikringssystem tilpasset risikoen for utslipp av patogen, fiskeegg, larver etc. avhengig av art, livssyklus og andre forhold som kan ha betydning for det biologiske mangfoldet.
- Tillatelsen må driftes i henhold til søknaden og det som er beskrevet i dette vedtaket. Herunder fremheves beskrevet rømmingssikring»

Då lokaliteten er tidlegare godkjent, 08.05.2017 og det ikkje er søkt om endring i bruk av areal eller auka biomasse er ikkje søknaden send til Fiskeridirektoratet, Kystverket, Statsforvaltaren eller Masfjorden kommune for handsaming.

Sektorstyresmaktene si handsaming

Mattilsynet handsama søknaden 12.05.2023 og dei skriv; *«Mattilsynet godkjenner endring av eksisterende tillatelse til å omfatte pukkelaks (Oncorhynchus gorbuscha) ved lokalitet 10156 Matredal. Det blir gitt tillatelse til å holde alle stadier av pukkelaks.»*

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Vestland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 7 i marinfiskforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

a) det er miljømessig forsvarlig;

b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på

1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,
2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,
3. annen bruk av området, og
4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.

c) det er gitt tillatelser som kreves etter

1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.
4. lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann, og
5. lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og

d) det ikke er i strid med

1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven,
2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

a) miljømessig forsvarleg

Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfald, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Naturmangfaldslova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8- 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter marinfiskforskrifta § 7 a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå fleire sektorstyresmakter, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Med denne bakgrunnen vert kunnskapsgrunnlaget vurdert som tilstrekkeleg. Fylkeskommunen har heller ikkje konkrete haldepunkt for at ei utviding av lokaliteten til også gjelde for fleire artar vil kunne ha irreversibel miljøpåverknad.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenoppsettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet Matredal ligg ved vassførekomsten Masfjorden, som i samsvar med vann-nett har god økologisk tilstand. Det er ikkje venta at løyve til oppdrett av ein art til på land i Matredal vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir dårlegare enn god.

b) avveging av arealinteresser

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.
Søkar sitt behov for lokaliteten er vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklarering.
2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.
Området er allereie i bruk til oppdrett, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til anna akvakultur. Fylkeskommune kan ikkje sjå at løyve kjem i konflikt med anna eksisterande eller planlagt akvakultur.
3. Anna bruk av området.
Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Det er ikkje kome nye opplysningar i denne søknadsprosessen i høve til påverknad på anna bruk av området.

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfatta av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løyve etter anna lovverk

Alle naudsynte løyve i samsvar med forskrifta punkt c føreligg.

Mattilsynet, Region Sør og Vest har gjeve løyve til etablering på lokaliteten er matlova og dyrevelferdslova. Løyve dagsett 12.05.2023 er vedlagt.

Fylkesmannen i Hordaland har gjeve løyve til etableringa etter forureiningslova. Løyve dagsett 09.11.2005 er vedlagt.

Bergen og omland havnevesen har gjeve løyve 28.10.2004 til etableringa etter hamne- og farvasslova.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.
I kommuneplan for Masfjorden er arealet der bygningane står avsett til område for næringsverksemd.
2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.
Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.
3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.
Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det finns kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Etter ei samla vurdering, etter lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Vestland fylkeskommune akvakulturløyve H-MF-28 Løyve til å etablere landbasert akvakulturanlegg for oppdrett av alle livsstadium av pukkellaks (*Oncorhynchus gorboscha*) på lokalitet Matredal i Masfjorden kommune.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningslova § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsett til klagesaka er avgjort.

Med helsing

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)


Endre Høgalmen
seksjonssjef
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND







GODKJENT
KYSTVERKET
VEST

28.10.04 *Gro Strand*



0. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
1. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
2. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
3. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
4. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
5. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
6. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
7. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
8. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
9. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
10. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
11. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
12. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
13. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
14. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
15. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
16. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
17. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
18. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
19. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
20. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
21. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
22. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
23. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
24. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
25. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
26. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
27. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
28. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
29. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
30. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
31. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
32. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
33. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
34. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
35. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
36. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
37. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
38. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
39. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
40. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
41. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
42. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
43. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
44. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
45. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
46. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
47. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
48. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
49. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
50. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
51. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
52. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
53. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
54. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
55. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
56. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
57. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
58. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
59. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
60. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
61. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
62. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
63. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
64. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
65. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
66. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
67. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
68. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
69. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
70. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
71. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
72. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
73. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
74. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
75. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
76. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
77. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
78. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
79. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
80. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
81. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
82. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
83. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
84. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
85. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
86. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
87. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
88. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
89. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
90. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
91. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
92. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
93. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
94. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
95. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
96. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
97. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
98. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
99. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04
100. Forslag, trase sjøledninger	20.09.04

Denne tegningen er NCC
Anlegg's eiers ansvar og må
ikke kopieres eller reproduseres
uten tillatelse fra NCC

NCC

NCC Construction
Anlegg Region Vest
Telefon 55 39 18 50
Telefax 55 18 76 40


Trase Sjøledn.
01

A

Vedlegg 1

Gårds og bruksnummer Havforskningsinstituttet Matre

Bygning	Gårdsnummer	Bruksnummer	Grunneier
Forsøkshall 1	52	36	Håkon Matre
Forsøkshall 2	49	10	Statsbygg Vest
Forsøkshall 3	49	10	Statsbygg Vest
Produksjonsanlegg	52	31	Karl Matre
Forsøkshall 4	52	34	Bergit Borgersen



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

H-MF-28

28.11.2005

EK



(1) Sendar (stempelt til forvaltningsorganet) Vestland fylkeskommune	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
(3) Mottakar (namn og adresse) Havforskningsinstituttet	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrunggjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunggjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	